



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/16	Formannskapet	11.05.2016
66/16	Kommunestyret	26.05.2016

Etablering av felles brannvern for Sotra og Øygarden

Samandrag av saka:

Bakgrunn for denne saka er at kommunane Fjell, Sund og Øygarden i 2015 vedtok å etablere eit interkommunalt samarbeid om brannvesen.

Dei tre kommunestyra oppretta eit interimstyre som fekk i oppdrag å etablere eit nytt felles brann- og redningsvesen for dei tre kommunane og utgreie rammene for samarbeidet på ny. Interimstyret engasjerte KPMG til å bistå seg i dette arbeidet.

Arbeidet har resultert i ein rapport Etablering av Sotra og Øygarden brannvesen IKS (SØB), som skisserer rammene for det interkommunale samarbeidet og ein selskapsavtale.

Rapporten frå interimstyret skal behandlast av kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden kommunar som skal ta endeleg stilling etablering av felles brannvern.

Framlegg til vedtak er skissert på slutten av saksframstillinga.

Innstilling:

Straume, den 03.05.2016

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
servicetorgsjef

Handsama i Formannskapet - 11.05.2016:

Saka vart drøfta.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik H om å vedta interimstyret sin innstilling til vedtak kor representantar i pkt 3 vil bli valde i kommunestyremøtet, og kor forslag om tilleggsvedtak vert eit nytt pkt. 10 i tilrådinga til kommunestyret.

Framlegget frå Tom Georg Indrevik vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 11.05.2016:

1. Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen vert ei felles brann- og redningsteneste med namnet Sotra og Øygarden brannvesen IKS, forkorta SØB.
2. Det nye selskapet vert organisert som eit interkommunalt selskap. Eigarkommunane sin eigarandel i selskapet skal vere 18 % til Sund kommune, 18 % til Øygarden kommune og 64 % til Fjell kommune. For selskapet sin samla gjeld heftar kvar av eigarkommunane med heile sin formue i høve til sin eigarandel. Eigarandelen ligg til grunn for kommunane sine årlege driftstilskot til selskapet.
3. Kvar eigarkommune har to representantar i selskapet sitt representantskap. ... kommune sine to representantar er: og
4. Representantskapet skal tre saman så snart som mogeleg og velja styre i det nye selskapet.
5. Styret er ansvarleg for samanslåinga av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen
6. Styret skal førebu samanslåinga som skjer i løpet av 2016 med målseting om at drifta i selskapet kan starte opp 1.1.2017.
7. Styret skal sørje for at det vert laga ein eigarstrategi for selskapet som vert vedteken av kommunestyra så snart som råd. Den nye eigarstrategien skal ligge til grunn for val av brann- og redningssjef i det nye selskapet.
8. Fjell kommune vedtek forslaget til selskapsavtale for Sotra og Øygarden brannvesen IKS.
9. Prosessen med etablering av selskapet vert gjennomført som eit prosjekt med eigen prosjektleiar.
10. Kommunestyret i Fjell tek atterhald om at det kan verta endring i til dømes overgangskostnader som konsekvens av kommunestyra sine vedtak om kommunereform 20.06.2016.

Handsama i Kommunestyret - 26.05.2016:

Eli Årdal Berland ber kommunestyret vurdere hennar gildskap som medlem av interimstyret som har utarbeidd saka. Det same gjer Svein Bergh som styremedlem i Sotra brannvern. Kommunestyret vurderer at begge desse er ugilde i å behandla saka og dei gjekk frå møtet. Stian Telle er deltidstilsett i Sotra Brannvern som brannkonstabel og ber kommunestyret vurdere hans gildskap. Kommunestyret vurderer Stian Telle som gild og han deltok i behandling av saka.

Framlegg frå Atle Justad (AP):

Nytt punkt 11: Administrasjonsspråket i selskapet er nynorsk.

Framlegg frå ordførar om å utsetje punkt 3, val av representantar, til neste møtet.

Tilråding gjort i formannskapet, inkludert framlegget frå Atle Justad og framlegget frå ordførar, vert **samrøystes** vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016:

1. Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen vert ei felles brann- og redningsteneste med namnet Sotra og Øygarden brannvesen IKS, forkorta SØB.
2. Det nye selskapet vert organisert som eit interkommunalt selskap. Eigarkommunane sin eigarandel i selskapet skal vere 18 % til Sund kommune, 18 % til Øygarden kommune og 64 % til Fjell kommune. For selskapet sin samla gjeld heftar kvar av eigarkommunane med heile sin formue i høve til sin eigarandel. Eigarandelen ligg til grunn for kommunane sine årlege driftstilskot til selskapet.
3. Kvar eigarkommune har to representantar i selskapet sitt representantskap. Val av Fjell kommune sine to representantar vert utsett til neste møte.
4. Representantskapet skal tre saman så snart som mogeleg og velja styre i det nye selskapet.
5. Styret er ansvarleg for samanslåinga av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen
6. Styret skal førebu samanslåinga som skjer i løpet av 2016 med målseting om at drifta i selskapet kan starte opp 1.1.2017.
7. Styret skal sørge for at det vert laga ein eigarstrategi for selskapet som vert vedteken av kommunestyra så snart som råd. Den nye eigarstrategien skal liggja til grunn for val av brann- og redningssjef i det nye selskapet.
8. Fjell kommune vedtek forslaget til selskapsavtale for Sotra og Øygarden brannvesen IKS.
9. Prosessen med etablering av selskapet vert gjennomført som eit prosjekt med eigen prosjektleiar.
10. Kommunestyret i Fjell tek atterhald om at det kan verta endring i til dømes overgangskostnader som konsekvens av kommunestyra sine vedtak om kommunereform 20.06.2016.
11. Administrasjonsspråket i selskapet er nynorsk.

Dokument vedlagt saka:

1. Forslag til selskapsavtale for Sotra og Øygarden brannvesen IKS, av 12.02.2016
2. Rapport *Etablering av Sotra og Øygarden brannvesen IKS*, av 12.02.2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ei arbeidsgruppe med representantar frå Askøy brann & redning, Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen utarbeida i 2014 rapporten Forprosjekt (2013-2014) Vest-Hordaland brann & redning. Rapporten tilrådde ei samanslåing av kommunane sine brannvesen. Rapporten vart handsama i kommunestyra i Askøy, Sund, Øygarden og Fjell kommunar. Askøy kommune sa nei til å delta i eit interkommunalt samarbeid om brannvesen, medan dei andre kommunane var positive til ei samanslåing. Kommunestyra i Sund (17.06.2014), Fjell (19.02.2015) og Øygarden (15.04.2015) ønskte at det skulle leggjast fram ei ny sak om interkommunalt samarbeid, kor det vart gjort greie for rammer og føresetnader for samarbeidet utan deltaking frå Askøy kommune.

Kommunestyret i Fjell behandla saka 15/15 «Forprosjekt i Brannsamarbeid – Drøftingssak», og gjorde slikt vedtak i møte 19.02.15:

1. *Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen blir ei felles brann- og redningsteneste med namnet Vesthordland brann & redning (VHBR).*
2. *Det nye selskapet blir organisert som eit interkommunalt selskap.*
3. *Selskapet skal vere etablert innan 31.12.2015.*
4. *Prosessen med etablering av selskapet blir gjennomført som eit prosjekt med eigen prosjektleiar.*
5. *Det blir valt eit interimstyre som skal vere ansvarleg for etableringa. Styret blir sett saman med 2 representantar frå Fjell, 1 frå Sund og 1 frå Øygarden. I tillegg vel dei tilsette 2 representantar frå dei to brannverna. Totalt 6 personar.*
6. *Før endeleg vedtak om etablering ber KS om ei sak som beskriver de økonomiske rammene i prosjektet.*
7. *Kommunestyret føreset at etablering av selskapet ikkje er til hinder for eit vidare regionalt samarbeid i Bergensområdet innan brann- og redningstenestene, og at selskapet vil søke nye samarbeidsformer i regionen for å betre tenesta.*

Interimstyret fekk i oppdrag å etablere eit nytt felles brann- og redningsvesen for dei tre kommunane og utgreie rammene for samarbeidet på ny. Interimstyret engasjerte KPMG til å bistå seg i dette arbeidet.

Arbeidet er organisert som eit prosjekt. I tillegg til representantar i interimstyret, så involverer og rådfører prosjektet seg med rådmennene i Sund, Fjell og Øygarden kommunar, samt leiinga i respektive brannvesena og tillitsvalde.

Arbeidet har resultert i ein rapport Etablering av Sotra og Øygarden brannvesen IKS (SØB), som skisserer rammene for det interkommunale samarbeidet og ein selskapsavtale. Rapporten skisserer opp rammer og føresetnader for eit interkommunale samarbeid om brann- og redningstenester og har og eit forslag til plan for gjennomføring av samanslåinga av Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen i 2016. Både rapport og selskapsavtale har vore på høyring til rådmennene i Sund, Fjell og Øygarden kommunar, den administrative leiinga og fagforeiningar i brannvesena og styret i Sotra Brannvern IKS v/styreleiar.

Samanslåing av Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen i eit nytt IKS

Samarbeidet om brann- og redningstenester organiserast som eit interkommunalt selskap (IKS) etter lov om interkommunale selskap. Sotra Brannvern IKS og brannvesenet i Øygarden kommune slåast saman slik brannvesena er i dag. Det vert ikkje gjort endringar i dimensjonering av brannvesena i samanslåinga, dvs. at det vert ikkje gjort utvidingar, men heller ingen kutt i organisasjon/stillingar, stasjonsstruktur eller utstyr. Dette medfører og at slokkeavtala som Fjell kommune/Sotra Brannvern IKS har med Bergen kommune vert ståande. Gjeldande risiko- og sårbarheitsanalyse har vist at det er eit behov for forsterka beredskap. Det nye selskapet må vurdere korleis ein slik forsterka beredskap bør utformast.

Eigarstrategi

Det er behov for å formulere og kommunisere oppdraget frå eigarkommunane til selskapet og klargjere selskapet sitt ansvar overfor eigarkommunane. Herunder er det behov for å klargjere prinsipp og speleregler som skal ligge til grunn for styring av selskapet. Ein eigarstrategi vil kunne svare ut dette behovet. Prinsipp som bør ligge til grunn for eigarstrategien bør vere at selskapet skal levere tenester med god kvalitet til innbyggerane i kommunane, og skal jobbe aktivt for å forbetre og utvikle tenestetilbodet og kontinuerleg arbeide for å effektivisere drifta innanfor dei økonomiske rammene. I tillegg bør det og vere ei føring for det nye interkommunale brannvesenet at det kan søke samarbeid med andre, dersom det kan forbetre tenestetilbodet og/eller effektivisere drifta.

Finansiering av drifta

Det vert føreslått at kostnadsfordelinga mellom eigarkommunane tar utgangspunkt i andel innbyggjar per kommune i det interkommunale samarbeidet, men at det vert gjort ei mindre justering for Øygarden kommune. Brannvesenet i Øygarden kommunen er noko oppdimensjonert grunna lokale baser for olje- og gassverksemd. Dette betyr at Øygarden bidreg med ein noko større del av kostnadene enn eit reint innbyggartal skulle tilseie, men likevel ikkje meir enn dei kostnader kommunen alt har med brann- og redningstenesta i dag. Eigarandelen til Øygarden kommune justerast tilsvarande. Øygarden kommune får dermed like stor eigardel som Sund kommune. Dette betyr at Sund og Øygarden eig kvar 18 % av det nye selskapet, medan Fjell kommune eig 64 %.

Finansiering av drift				
	Sund	Fjell	Øygarden	Sum
Sum ny finansiering	4918460	17248540	5063000	27226000
Ny eigarbrøk %	18	64	18	100
Sum per innbyggjar ¹	728	706	1069	

Økonomiske konsekvensar:

Forplikingar etter ny eigarstruktur og oppsett reknestykke vert innarbeidd i Fjell kommune sine framtidige budsjett, gjeldande frå 01.01.2017.

Implementeringskostnader

Eigarkommunane må rekne med kostnader til etablering av selskapet i 2016. Kostnadene omfattar godtgjersle til representantskap og styre i det nye selskapet, ekstern bistand i samanslåinga (juridisk støtte, prosjektleding), verdsetting av brannvesena, omprofilering mv. Kostnadane er estimert til totalt 1 080 000 kr. Dette vert fordelt slik på eigarkommunane:

Sum for Sund kommune	184 400
Sum for Fjell kommune	655 200
Sum for Øygarden kommune	240 400

I tillegg til dette kan det i samband med samanslåinga av brannvesena påløpe kostnader knytt til overgangsordningar eller avtalar som vert gjort med tilsette i brannvesena. Dersom kostnadene gjelder tilsette i brannvesenet i Øygarden tek Øygarden kommune kostnaden. Dersom kostnaden gjelder tilsette i Sotra Brannvern IKS tek selskapet kostnaden.

Fond og låneopptak

Sotra Brannvern IKS har eit drifts- og investeringsfond som vert føreslått vidareført i det nye interkommunale samarbeidet. Per desember 2015 utgjer driftsfondet 470 000 kr, medan investeringsfondet er på 380 000 kr. Ved ein samanslåing vert det føreslått at Øygarden kommune overfører ein sum til fonda som er i samsvar med eigarandel på 18 %. Det vert føreslått at eigarkommunane årleg sett av til fond ein sum på 2,5 % av driftsbudsjettet, men slik at fondsavsetninga kjem i tillegg til vedtatt driftsbudsjett.

For større investeringar som ikkje kan dekkas av fondet må låneopptak godkjennast av eigarkommunane. Selskapet kan og ta opp mindre likviditetslån (< 500 000) frå ein av

¹ Innbygger per jan 2015 iht SSB er for Sund kommune 6752, for Fjell kommune 24 427 og for Øygarden kommune 4733

eigarkommunane. Dette er ei vidareføring av ordningar som gjeld for Sotra Brannvern IKS i dag.

Levering av røyk –og kjemikaliedykking til Sture og Kollsnes

Statoil har ein dialog med Øygarden kommune om muleg kjøp av tenester innanfor røyk- og kjemikaliedykking frå kommunen. I lys av at kommunane arbeidar med å etablere eit nytt interkommunalt samarbeid om brannvesen, vert det foreslått at Øygarden kommune avventar, og ikkje inngår avtale med Statoil. Det bør vere opp til det nye selskapet å vurdere om det er tenleg og mogeleg å levere desse tenestene til Statoil. Det er ein føresetnad for ein eventuell avtale mellom selskapet og Statoil at alle kostnader selskapet får ved å levere røyk- og kjemikaliedykking fullt ut må dekkast av Statoil.

Levering av tenester til eigarkommunane

Brannvesenet i Øygarden kommune utfører i dag beredskapsoppgåver for kommunen. Sund og Fjell kommune har ansvaret for og tek i vare beredskapsoppgåvene sjølv. Dersom tilsette i det nye selskapet skal ta i vare beredskapsoppgåver for Øygarden medføre det risiko for at tilsette kan kome i ein interessekonflikt ved kritiske hendingar, kor ein må velje mellom ansvaret for brann - og redningsoppgåver og ansvaret for beredskapsoppgåver. Difor vert det foreslått at Øygarden kommune formelt må ha ansvaret for beredskapsoppgåvene sjølv.

Brannvesenet i Øygarden kommune går i dag ein kommunaltekniske vakt for kommunen. Det bør vere opp til det nye selskapet og kommunen å avgjere om kommunen bør og kan kjøpe vakttenestene frå selskapet. Det er ein føresetnad at kommunen som kjøper tenestene fullt ut finansierer alle kostnadene ved kjøpet, både direkte og indirekte kostnader.

Kjøp av administrative tenester frå kommunen

Det nye selskapet kan kjøpe administrative tenester frå eigarkommunane som IKT, regnskap mm, slik praksis er i dag for Sotra Brannvern IKS. Det vil vere fordyrande for eigarkommunane om det interkommunale selskapet skal etablere slike administrative tenester sjølv.

Namn på selskapet

Då kommunestyra i 2015 fatta vedtak om samanslåing av brann- og redningstenestene i Sund, Fjell og Øygarden kommune var det tenkt at det nye selskapet skulle heite Vesthordland brann og redning IKS (VHBR). Val av namn må sjåast i samanheng med at det var ønskt eit samarbeid mellom Askøy, Sund, Fjell og Øygarden kommunar. Sidan Askøy kommune ikkje skal delta i samarbeidet ønskte interimstyret at namnet på det nye selskapet blei vurdert i høyringa. Namnet på selskapet bør vere knytt til selskapet si geografiske plassering. Styret har drøfta om Vesthordland brann og redning IKS er eit egna framtidig namn på selskapet og er delt i synet på dette. Nokon ønskjer Vesthordland brann og redning IKS, mens andre ønskjer Sotra og Øygarden brannvesen IKS. I høyringa kom det inn fleire innspel og fleirtalet av høyringssvara foreslår ei endring i namnet på selskapet. Interimstyret foreslår at det nye namnet er Sotra og Øygarden brannvesen IKS, forkorta SØB.

Selskapsavtale


Det er utarbeida eit forslag til selskapsavtale for det interkommunale samarbeidet, basert på lov om interkommunale selskap. Selskapsavtalen regulerer eigarkommunane sitt ansvar, organisering av selskapet, selskapsorgana si mynde, økonomiforvaltninga, regler for uttreden og oppløysing av selskapet, handtering av tvistar og andre regler mellom anna regler om endring av selskapsavtalen.

Plan for implementering

Samanslåingsprosessen må førebuast og gjennomførast på ein føreseieleg og planmessig måte. Det er utarbeida ein overordna plan for samanslåing av Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen som:

- Sikrar god kvalitet i samanslåingsprosessen og minimerer talet på uforutsette problemstillingar, som vil ta fokus, ressursar og tid å handtere
- Ivareta rettigheter til leiarar og tilsette i brannvesena i samanslåingsprosessen
- Ivareta behov for informasjon om prosessen og korleis denne påverkar leiarar og tilsette

Det vert føreslått at samanslåinga av brannvesena vert organisertor som eit prosjekt, og at eigarkommunane får ekstern bistand med å fasilitere og gjennomføre samanslåinga. Hovudtrekka i planen er:



Vurdering:

Den viktigaste effekten av ei samanslåing av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen er at det vert etablert ein større og meir robust organisasjon. Organisasjonen vil ha større fagmiljø og meir ressursar med omsyn til økonomi og utstyr. Effekten av ein samanslåing vil vere mest merkbar for Øygarden brannvesen.

Hovudtrekka i rammene og føresetnadene for eit interkommunalt samarbeid om brann- og redningstenester er gjort greie for i det følgjande:

Konklusjon og tilråding

Interimstyret tilrår at Sund, Fjell og Øygarden kommunar inngår eit samarbeid om brann- og redningstenester ved å etablere Sotra og Øygarden brannvesen IKS, i tråd med rapporten og forslag til selskapsavtale. Interimstyret har godkjent:

- Rapporten *Etablering av Sotra og Øygarden brannvesen IKS* av 12.02.2016, slik som han ligger føre etter høyringa.
- Selskapsavtale for Sotra og Øygarden brannvesen IKS av 12.02.2016, slik han ligg føre etter høyringa.
- Vurderingar av/kommentarar til høyringssvara, slik desse går fram av vedlegg til rapporten.

Ei samanslåing av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen vil gje ein større og meir robust organisasjon. Organisasjonen vil ha større fagmiljø og meir ressursar med omsyn til økonomi og utstyr. Effekten av ein samanslåing vil vere mest merkbar for Øygarden brannvesen og Øygarden kommune.

Selskapet vil ta i vare kommunen sine behov, pliktar og oppgåver slik dei er nedfelt i eigarstrategien for selskapet og lov og forskrift vedkommande brann – og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feiing og tilsyn. Det er og behov for å styrke beredskapen. Det vert ei oppgåve for det nye selskapet å ta stilling til korleis styrka beredskap kan gjennomførast.

Brannsamarbeid i Bergensregionen

Til slutt i saka er det på sin plass å peika på at Bergensalliansen i februar 2016 sette i gong eit prosjektarbeid med arbeidstittel «Brannsamarbeid i Bergensregionen». Prosjektet har som mandat mellom anna å vurdere ulike formar for samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningsvesen. Prosjektgruppa sine tilrådde løysingar vert sendt kommunane til politisk behandling hausten 2016.

Interimstyret har komme med følgjande innstilling til vedtak som rådmannen legg fram for kommunestyret i Fjell:

1. Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen vert ei felles brann- og redningsteneste med namnet Sotra og Øygarden brannvesen IKS, forkorta SØB.
2. Det nye selskapet vert organisert som eit interkommunalt selskap. Eigarkommunane sin eigarandel i selskapet skal vere 18 % til Sund kommune, 18 % til Øygarden kommune og 64 % til Fjell kommune. For selskapet sin samla gjeld heftar kvar av eigarkommunane med heile sin formue i høve til sin eigarandel. Eigarandelen ligg til grunn for kommunane sine årlege driftstilskot til selskapet.
3. Kvar eigarkommune har to representantar i selskapet sitt representantskap. ... kommune sine to representantar er: og
4. Representantskapet skal tre saman så snart som mogeleg og velja styre i det nye selskapet.
5. Styret er ansvarleg for samanslåinga av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen
6. Styret skal førebu samanslåinga som skjer i løpet av 2016 med målseting om at drifta i selskapet kan starte opp 1.1.2017.
7. Styret skal sørje for at det vert laga ein eigarstrategi for selskapet som vert vedteken av kommunestyra så snart som råd. Den nye eigarstrategien skal ligge til grunn for val av brann- og redningssjef i det nye selskapet.
8. Fjell kommune vedtek forslaget til selskapsavtale for Sotra og Øygarden brannvesen IKS.
9. Prosessen med etablering av selskapet vert gjennomført som eit prosjekt med eigen prosjektleiar.

Tilleggsvedtak:

Kommunestyret i Fjell tek atterhald om at det kan verta endring i til dømes overgangskostnader som konsekvens av kommunestyra sine vedtak om kommunereform 20.06.2016.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
87/16	Kommunestyret	16.06.2016

Val av representantar til representantskapet i Sotra og Øygarden brannvesen IKS

Samandrag av saka:

Kommunestyret behandla KS-sak 66 «Etablering av felles brannvern for Sotra og Øygarden» i kommunestyremøte 26. mai 2016 med tilhøyrande framlegg til Selskapsavtale.

**I denne saka skal kommunestyret velje 2 representantar med vararepresentantar til representantskapet i det nye selskapet.
Framlegg til kandidatar vert lagt fram av valnemnda i møtet.**

Innstilling:

Kommunestyret i Fjell vel følgjande 2 representantar med vararepresentantar til representantskapet i Sotra og Øygarden brannvesen IKS:

Representantar

Vararepresentantar

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

Valet gjeld for 4 år

Straume, den 08.06.2016

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
servicetorgsjef

Handsama i Kommunestyret - 16.06.2016:

Leiar i valnemnda Egil Haaland la fram nemnda sitt forslag på kandidatar til representantskapet i Sotra og Øygarden brannvesen IKS:

Representantar

Marianne Sandahl Bjorøy
Lars Olav Hjartøy

Vararepresentantar

Ernst Morten Einarsen
Odd Bjarne Skogestad

Framlegget vart **samrøystes** vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016:

Kommunestyret i Fjell vel følgjande 2 representantar med vararepresentantar til representantskapet i Sotra og Øygarden brannvesen IKS:

Representantar

Marianne Sandahl Bjorøy
Lars Olav Hjartøy

Vararepresentantar

Ernst Morten Einarsen
Odd Bjarne Skogestad

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

Valet gjeld for 4 år

Dokument vedlagt saka:

Møtebok frå sak 66/16 – «Etablering av felles brannvern for Sotra og Øygarden IKS»

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Fjell behandla i møte 26. mai 2016 KS-sak 66 «Etablering av felles brannvern for Sotra og Øygarden IKS» og gjorde slikt vedtak:

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016:

1. Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen vert ei felles brann- og redningsteneste med namnet Sotra og Øygarden brannvesen IKS, forkorta SØB.
2. Det nye selskapet vert organisert som eit interkommunalt selskap. Eigarkommunane sin eigarandel i selskapet skal vere 18 % til Sund kommune, 18 % til Øygarden kommune og 64 % til Fjell kommune. For selskapet sin samla gjeld heftar kvar av eigarkommunane med heile sin formue i høve til sin eigarandel. Eigarandelen ligg til grunn for kommunane sine årlege driftstilskot til selskapet.
3. Kvar eigarkommune har to representantar i selskapet sitt representantskap. Val av Fjell kommune sine to representantar vert utsett til neste møte.
4. Representantskapet skal tre saman så snart som mogeleg og velja styre i det nye selskapet.
5. Styret er ansvarleg for samanslåinga av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen
6. Styret skal førebu samanslåinga om skjer i løpet av 2016 med målseting om at drifta i selskapet kan starte opp 1.1.2017.

7. Styret skal sørge for at det vert laga ein eigarstrategi for selskapet som vert vedteken av kommunestyra så snart som råd. Den nye eigarstrategien skal liggja til grunn for val av brann- og redningssjef i det nye selskapet.
8. Fjell kommune vedtek forslaget til selskapsavtale for Sotra og Øygarden brannvesen IKS.
9. Prosessen med etablering av selskapet vert gjennomført som eit prosjekt med eigen prosjektleiar.
10. Kommunestyret i Fjell tek atterhald om at det kan verta endring i til dømes overgangskostnader som konsekvens av kommunestyra sine vedtak om kommunereform 20.06.2016.
11. Administrasjonsspråket i selskapet er nynorsk.

Som det går fram av **punkt 3** i vedtaket vart val av 2 representantar med vararepresentantar utsett til neste møte og kommunestyret må gjennomføre valet i dette møtet.

Som vedlegg til ovannemnde KS-sak 66 følgde framlegg til **selskapsavtale** for verksemda Selskapsavtala regulerer mellom anna organisering og val til dei ulike organa i selskapet, slik det kjem fram under:

§ 11 Representantskap

SØB sitt øvste organ er representantskapet. Her sit to representantar frå kvar eigarkommune med ei røystefordeling som avspeglar eigardelen til kommunen:

- Fjell kommune har 64% av røystene, kvar representant har 32 % av røystene
- Sund kommune har 18% av røystene, kvar representant har 9 % av røystene
- Øygarden kommune har 18 % av røystene, kvar representant har 9 % av røystene

Kommunestyra nemner opp sine representantar og minst like mange vararepresentantar som faste medlemmer til representantskapet. Representantane veljast for fire år. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Leiaren skal ikkje representere same kommune i to samanhengande valperiodar.

Representantskapet delegerer eigarkommunane sin mynde etter Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter. Delegering av mynde femner ikkje om viktige saker der lov eller forskrift krev vedtak i kommunestyret sjølv. Representantskapet delegerer nødvendig mynde til høvesvis brannstyret og brann- og redningssjefen i SØB.

For avgjersler som er fatta av brann- og redningssjefen er brannstyret klageinstans. Klage på vedtak i personalsaker, skal handsamast (a) i representantskapet dersom vedtaket er gjort i brannstyret (b) i brannstyret dersom vedtaket er gjort av brann- og redningssjefen.

§ 12 Brannstyre

Representantskapet vel seks medlemmer med varamenn til brannstyret, og blant desse leiar og nestleiar:

- Fjell kommune sine representantar i representantskapet vel 2 av medlemmene
- Sund kommune sine representantar i representantskapet vel 2 representant
- Øygarden kommune sine representantar i representantskapet vel 2 representant

Alle styremedlemmer vert valt for ein periode på to år. Styreleiar skal ikkje representere same kommune i to samanhengande valperiodar. I val av medlemmer skal det leggjast vekt på interesse for fagfeltet og breidde i kompetanse i styret, samt at eigarkommunane sine interesser i SØB skal takast i vare. Styremedlem kan vere folkevalde, men det er ikkje eit krav.

I tillegg til dei 6 styremedlemmene som vert valt etter første ledd har dei tilsette høve til å velje representant(ar) og evt. observatør til styret i samsvar med reglane i lov om interkommunale selskap. Representant(ar) for dei tilsette er fullverdig medlem i styret med det unntaket som er nemnt i § 10, ellefte ledd i lov om interkommunale selskap.

Vurdering:

For å komme vidare i samanslåingsprosessen må representantskapet veljast og tre saman. Kommunestyret i Fjell må velje sine to representantar med vararepresentantar.